

Referat frå instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Dato: onsdag 16. oktober 2024

Stad: rom 216, HF-bygget

Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen og Shouhui Zhao, Nathan Hopson og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Henriette Rørdal.

Frå gruppe C: Anne Hestnes.

Frå gruppe D: Christine Fagg og Solveig Aadland.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Berg Henjum melde frå at han ønskte å ta opp tilsetjingssaka i arabisk og Midtaustens historie.

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 28. august 2024

Det kom ingen merknader til referatet, som vart sendt ut 5. september, og referatet er dermed godkjent.

Sak 3 – orienteringssaker

A) Tilsetjingssaker ved instituttet:

- Martin Schweinberger har takka nei til stillinga på engelsk lingvistikk, og tilbodet har gått vidare til Bebwa Isingoma.
- Instituttleiar orienterte kort om at tilsetjingssaka på arabisk og Midtaustens historie vil bli handsama i fakultetsstyret på neste møte 22. oktober. Med utgangspunkt i spørsmålet frå Berg Henjum opna han for spørsmål og synspunkt om saka. Instituttleiar spurde om Hovden ønskte å forlata møtet eller bli verande under denne saka, og Hovden valde å bli verande. Berg Henjum viste til at mange har reagert på denne tilsetjingsprosessen, både lokalt ved instituttet og i det offentlege ordskiftet, og at stemninga til dels er dårleg på grunn av saka. Han oppmoda instituttleiar om å gje meir informasjon. Instituttleiar takka for spørsmålet, men viste til at han har hatt dialog både med Hovden og med UiB sentralt og fått veldig klare råd om at forsøk frå instituttleiar på å kommentera saka fort vil oppfattast som å prosedera saka. Det er derfor vanskeleg for han å kommentera, i alle fall så lenge sjølve tilsetjingsprosessen ikkje er ferdig. Samstundes erkjente han at saka er eit stort arbeidsmiljøproblem ved IF, og han

er i dialog med vernetenesta om arbeidsmiljøet ved instituttet og kva som på sikt kan gjerast for å betra dette. Hestnes spurde om det ville vera rom for ei nærare orientering når sjølve tilsetjinga er landa. Ho opplevde at det var eit udekt behov for informasjon, slik at saka ligg og ulmar og tappar kollegar for energi.

Johannessen viste til at mangelen på informasjon har skapt stor grobotn for spekulasjonar og uro både ved og utanfor instituttet, og fekk støtte av Berg Henjum i denne oppfatninga. Berg Henjum streka dessutan under at problemet ikkje er informasjon om prosessen, men om grunnlaget for innstillinga. Instituttleiar streka under at han sette pris på dei tydelege og ærlege tilbakemeldingane og vona at det ville vere mogleg å koma tilbake med meir informasjon når fakultetsstyret har fatta sitt vedtak.

- Uthaug orienterte om den utlyste studiekonsulentstillinga i administrasjonen, der innstillinga frå instituttet er sendt vidare til tilsetjingsrådet.

B) Instituttleiar orienterte om oppfølging av programporteføljeprojektet. Instituttleiinga har m.a. hatt separate møte med alle faga ved instituttet. Fakultetet har sett ned arbeidsgrupper som skal følgja opp programporteføljeprojektet framover. Det er éi slik gruppe for det nye fellesemnet i første semester, éi for fordeling av resultatmidlar frå fellesemne, éi for betre gjennomføring på studieprogramma, og éi for vidareutdanninga. Studiestyret ved fakultetet er sentralt i oppfølginga framover, og det er ei eiga nettside for projektet: [Studieporteføljen ved HF | Det humanistiske fakultet | UiB](#)

C) IF arbeider med å betra referatpraksisen ved instituttet og vil m.a. oppdatere referatarkiva for programstyra. Intensjonen er at referata skal vera godkjende og lagde ut innan fjorten dagar etter eit møte i programstyret, FFU, UUI eller instituttrådet.

Sak 4 – Økonomiorientering

Uthaug orienterte om status for driftsbudsjettet ved instituttet i 2024. IF har budsjettert dette året med eit underskot på 0.75 millionar. Vi får i tillegg ekstra lønsutgifter fordi det ikkje kom nok studentar til å setja i gang eit nytt kull på Engelsk Kompetanse for kvalitet (Kfk). Underskotet på driftsbudsjettet i 2024 kan derfor koma opp i rundt 1.4 millionar. Kanskje blir det likevel litt lågare fordi det ikkje ser ut til at alle tildelingar på budsjettet blir nytta fullt ut.

Per i dag ser det ut som dei fire Kfk-projekta ved instituttet vil gje ein samla sluttgevinst på rundt 4.5 millionar til instituttet i 2025. Ein del av dette vil gå til å dekkja underskotet vi har med frå 2024. Resten må i utgangspunktet brukast i 2025, men instituttet undersøker om delar av overskotet kan overførast til driftsbudsjettet i 2026. Det er likevel ikkje til å koma frå at instituttet – anten frå 2026 eller frå 2027 – vil få langt magrare driftsbudsjett, dels fordi resultatinntektene går ned, og dels fordi det blir innført ein ny budsjettmodell internt ved HF. Løns- og honorarutgifter til vikarar, attåtstillingar og sensorar er den klart største utgiftsposten ved IF, og instituttleiinga har lenge arbeidd med å redusere desse utgiftene.

Instituttleiar orienterte om budsjettarbeidet på universitets- og fakultetsnivå, som inkluderer den såkalla “småfagspakken”.

Sak 5 - ymse

Neste instituttrådsrådsmøte vil gå gjennom status for oppfølginga av strategiplanen ved IF.

Oppfølginga av hms-arbeidet vil òg vera tema på møtet.

Instituttleiar minna elles medlemane om at dei kan melda inn saker til instituttrådsmøta.

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef